



Sak nr 37/2008

Møtedato: 18.6.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 132

Søknad om tilskot til straumaggregat

Myrvang søker om å få tilskot til straumaggregat på same vilkår som straumtilskot, dvs 30 % av kostnad, maks kr 50.000. Grunngeving er at det for dyrt å leggja fram straum, framføring av straum til stølen er kostnadsrekna til kr 2.000.000.

Fjellstyret har sidan 1987 hatt ei ordning med tilskot til kjøp av aggregat. Tilskotet er eit eingongstilskot på 25 %, avgrensa opp til kr 8.000. Tilskotet blir gjeve på vilkår av at ein driv mjølkeproduksjon frå støl og at bruket tidlegare ikkje har motteke tilskot til aggregat.

Formannskapet har i sak 23/08 vedteke tilskot til kjøp av aggregat på følgjande vilkår:

1. *Vestre Slidre kommune gjev tilskott til aggregat frå og med 2008.*
2. *Tilskottet vert gjeve med inntil 30% av kostnaden, men maksimalt kr. 50.000,- pr.bruk innanfor budsjettpost for tilskott til straum på stølen. Konto 1470.410.5100*
3. *Søkjaren må binde seg til å produsere mjølk på stølen i 5 år etter at tilskottet er utbetalt.*
4. *Dersom mottakar av tilskottet sluttar med stølsdrift i bindingstida, skal tilskottet betalast tilbake.*

Fjellstyret har følgjande vilkår for tildeling av tilskot til framføring av straum:

1. *Vestre Slidre fjellstyre gjev tilskot til framføring av straum til stølar med mjølkeproduksjon.*
2. *Tilskotsordninga gjeld frå og med 2007.*
3. *Tilskotet blir gjeve med 30% av kostnadene, avgrensa til kr. 50.000 pr. bruk. Totalramme for tilskot frå fjellstyret er kr. 200.000 pr. år.*
4. *Tilskotet blir gjeve på vilkår av at kommunen gjev tilsvarande tilskot.*
5. *Tilskotet gjeld anleggsutgifter for framføring av straum til stølen (anleggsbidrag). Eventuelle tilskot utanom kommunen og fjellstyret, blir å trekkje frå grunnlaget for berekning av tilskot. Om anleggsbidraget blir redusert ved andre kopljar seg på nettet seinare, skal tilskotet bereknast på nytt og differansen betalast tilbake.*
6. *Søkjaren må binde seg til å produsere mjølk på stølen i 5 år etter at tilskotet er utbetalt.*
7. *Om mjølkeproduksjonen på stølen blir avslutta i bindingstida skal tilskotet betalast tilbake fullt ut.*
8. *Mottakar av tilskot skal underskrive avtale som stadfestar at ein aksepterar vilkåra for tilskotet. Stølsbrukar pliktar å orientere om tilhøve som innverkar på berekning av tilskotet, jf. punkt 5 og 6.*

Vedtak:

Fjellstyret vedtek følgjande vilkår for tildeling av tilskot til kjøp av straumaggregat:

1. *Vestre Slidre fjellstyre gjev tilskot til kjøp av straumaggregat til stølar med mjølkeproduksjon.*
2. *Tilskotsordninga gjeld frå og med 2008.*
3. *Tilskotet blir gjeve med 30% av kostnadene, avgrensa til kr. 50.000 pr. bruk. Fjellstyret si totalramme for tilskot til framføring av straum og kjøp av straumaggregat er kr. 200.000 pr. år.*
4. *Tilskotet blir gjeve på vilkår av at kommunen gjev tilsvarande tilskot.*
5. *Eventuelle tilskot utanom kommunen og fjellstyret, blir å trekkje frå grunnlaget for berekning av tilskot.*
6. *Søkjaren må binde seg til å produsere mjølk på stølen i 5 år etter at tilskotet er utbetalt.*
7. *Om mjølkeproduksjonen på stølen blir avslutta i bindingstida skal tilskotet betalast tilbake fullt ut.*
8. *Tilskot til kjøp av nytt aggregat kan ikkje fremjast før etter 10 år frå tilskotet er utbetalt. Tilskot til framføring av straum kan ikkje fremjast før etter 5 år frå tilskotet er utbetalt.*
9. *Mottakar av tilskot skal underskrive avtale som stadfestar at ein aksepterar vilkåra for tilskotet. Stølsbrukar pliktar å orientere om tilhøve som innverkar på berekning av tilskotet, jf. punkt 5 og 6.*

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.6.08

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Gjermund Myrvang